

Årsmelding for sesongen 2015

Me har ikkje vore flinke til å kalla inn til styremøte dette året, men me trur drifta likevel har vore i gode hender. Stort sett har Oddvin, Ole og Jan teke seg av turneringane.

Det har vore eit godt samarbeid med baneigarane

Laurdag 6.juni arrangerte me NM i P&P for seniorar. Dette var det første NM i sitt slag, og sjølv om me forventar fleire deltakarar, blei det ei minnerik turnering.

I meldingsåret har me hatt åtte golfturneringar og åtte P&P turneringar. Nytt av året var nattgolfen, eit arrangement som alle atten som deltok sette stor pris på.

Me har òg hatt besøk av klassar frå Uggal Skule og Tysnes skule. Tilsette ved Tysnes skule, Teknisk etat og brannvesenet har òg fått ei innføring i golfspelet.

Me takkar for støtta frå sponsorane våre og håpar dei blir med vidare. Ei spesiell takk til Joker Uggdal som sponsa oss med premiar til nattgolfen og Tysnescupen 25.juli.

Oddvin står for drifta av kiosken, noko me er svært takksame for. Han held òg folk godt oppdatert på "Tysnesingen" både før og etter turneringane. Ole held liv i "Facebook" medan Jan driftar heimesida. Klubben har òg hatt reklame på ferja mellom Våge og Halhjem.

Styret for 2015 var:

Oddvin Flornes, Frode Kleppe, Sveinung Aarskog, Ole Rosvold og Jan Vaage.

Vara: Atle Andersland.

Jan Vaage

-leiar-